

Årsrapport 2019 – Språkpolitisk utval og språkarbeid ved HVL

Innholdsfortegnelse

| | |
|---|----|
| Språkpolitisk utval..... | 2 |
| Møte og saker i 2019 | 3 |
| Språkarbeid ved HVL..... | 3 |
| Bakgrunn | 3 |
| Nynorsk | 4 |
| Parallellspråk | 5 |
| Internasjonalisering og norskkurs..... | 5 |
| Formalisering av språkkrav | 6 |
| Kartlegging av parallellspråkbruk ved HVL | 7 |
| Opplæring og kompetanseheving..... | 7 |
| Utdanning og undervisning | 8 |
| Språkressursside på intranett..... | 8 |
| Samarbeid internt og eksternt..... | 9 |
| Vegen vidare – prioriteringar for 2020 | 11 |

Språkpolitisk utval

Styret ved HVL vedtok våren 2018 eit sett med ambisiøse språkpolitiske retningslinjer for høgskulen. Dei språkpolitiske retningslinjene for HVL er utforma med tanke på at høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål og teiknspråk. Høgskulen ønskjer dessutan å finne ein god balanse mellom bruken av norsk og det viktigaste parallellspråket, engelsk, både når det gjeld utdanning, forskning og formidling.

I følgje retningslinjene skal eit eige språkpolitisk utval, oppnemnt av rektor, ha ansvar for oppfølging og gjennomføring av dei språkpolitiske retningslinjene og for høgskulen sin språkpolitikk. Utvalet skal kvart år lage ein rapport til styret for HVL om utviklinga på det språkpolitiske feltet.

Utvalet skal spesielt sjå til at:

- høgskulen står fram med ein tydeleg nynorsk profil
- klarspråk vert lagt til grunn for skriftleg og munnleg kommunikasjon frå og ved høgskulen
- ingen av dei to norske målformene er representerte med mindre enn 25 prosent
- høgskulen tek eit særleg ansvar for å ta i vare og utvikle eit god norsk, særleg nynorsk, språk innanfor dei profesjons- og arbeidslivsretta faga og utdanningane ved HVL
- høgskulen finn ein rimeleg balanse mellom bruken av norsk og engelsk i undervisning, forskning og formidling
- forholda vert lagde til rette for bruk av norsk som vitskapleg språk ved HVL
- digitale og andre språklege hjelpemiddel er lett tilgjengelege både for tilsette og studentar ved høgskulen

Oppfølging av dei språkpolitiske retningslinjene krev auka språkleg medvit og kompetanse ved HVL. Det er såleis ei viktig oppgåve for utvalet å sørge for tilbod av:

- relevante opplæringskurs (særleg nynorsk, engelsk)
- enkle skrivereglar på norsk (bokmål og nynorsk)
- kurs i teiknspråk
- kartlegging av språksituasjonen og opplæringsbehova blant ulike grupper tilsette og studentar
- Utvalet skal lage toårige handlingsplanar og årleg rapportere til styret om arbeidet sitt.
- Utvalet skal òg utarbeide budsjett for å kunne prioritere mellom dei ulike tiltaka og oppgåvene som vert føreslegne.

Språkpolitisk utval blei oppnemnt hausten 2018. I 2019 hadde utvalet denne samansettinga:

- Liv Reidun Grimstvedt, prorektor for samhandling med nærregionsansvar for Stord/Haugesund (leiar)
- Idar A. Johannessen, dosent, Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap, Haugesund
- Tarald Seldal, instituttleiar ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, Sogndal
- Eli Bjørhusdal, professor ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, Sogndal
- Alice Kvåle, prodekan for forskning ved Fakultet for helse- og sosialvitskap, Bergen
- Kristina Ersland (student)
- Svein Ove Eikenes, avdelingsleiar ved Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Stord

Elin Espe Stensvand (Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt) overtok i august 2019 som utvalssekretær etter Georg Arnestad.

Møte og saker i 2019

Utvalet har gjennomført tre møte i 2019: 21.6., 11.9. og 21.11. Utvalet tok i 2019 i bruk utvalsmodellen i Public360, og sakspapira og referat frå utvalsmøtene blir no publiserte i publiseringsløyninga Opengov.

Språkarbeid ved HVL

Bakgrunn

Høgskular og universitet har, etter universitets- og høgskulelova, eit ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk. Tidlegare språkmeldingar har peika ut høgare utdanning og forskning som den strategisk viktigaste samfunnssektoren når det gjeld å sikre det norske språket si stilling som eit komplett og samfunnsberande nasjonalspråk. Det har også blitt slått fast at dette er sektoren der konkurransen frå engelsk kanskje er mest påtrengande. For at norsk skal fungere som eit samfunnsberande språk i framtida, må språket vårt brukast til å utveksle og formidle spesialisert kunnskap. Det vil seie at vi må ha eit velfungerande og utbygd norsk fagspråk på både bokmål og nynorsk. Regjeringa har sett i gang arbeidet med ei heilskapleg språklov og ei ny stortingsmelding om språk. Lovforslaget og meldinga skal etter planen leggjast fram for Stortinget i løpet av 2020.

I det årlege tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet får HVL i oppdrag å ha eit særleg fokus på fleire enkeltområde, og vi blir målt på ein del av desse. I tildelingsbrevet for 2020 er det sett inn et nytt punkt som omfattar språk:

4.2.5 Norsk språk *Universitetene og høyskolene har et lovpålagt ansvar for norsk som fagspråk, og institusjonene skal ha egne språkstrategier. Internasjonaliseringen av forskningen og økt bruk av engelsk gjør det nødvendig at institusjonene har en strategisk tilnærming til denne problemstillingen. Departementet vil i løpet av 2020 ta initiativ til en gjennomgang av institusjonenes språkstrategier. Institusjonene og virksomhetene er pålagt å følge målloven. Også i 2019 påpekte Språkrådet at et flertall av UH-institusjonene ikke innfrir kravene om at begge målformene skal være representert med minst 25 pst. Departementet ber om at UH-institusjonene følger opp og setter inn nødvendige tiltak. Vi minner om at forslag til ny språkløyve har vært på høring høsten 2019, og at regjeringen legger frem en Språkmeldingen våren 2020.*

Språket er den viktigaste arbeidsreiskapen for alle tilsette og studentar ved HVL. Det er ei sjølvsgatt plikt for HVL å leggje til rette for og sjå til at både tilsette og studentar kan kommunisere og uttrykkje seg på eit godt, klart og forståeleg norsk språk både munnleg og skriftleg. HVL ønskjer òg at tilsette og studentar skal beherske engelsk munnleg og skriftleg. Språkvala og dei språkpolitiske retningslinjene ved HVL skal bidra til å styrkje konkurransekrafta for dei kandidatane høgskulen uteksaminerer til profesjons- og arbeidslivretta yrke gjennom bachelor-, master- og doktorgradsprogram, både på den heimlege og den internasjonale arbeidsmarknaden.

Nynorsk

HVL har valt nynorsk som hovudmålform, og ønskjer å stå fram med ein tydeleg nynorsk profil. HVL har sitt kjerneområde i ein region der andre store offentlege aktørar, som Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland, også har nynorsk som målform. Det er viktig for nynorsken, som nasjonalt er eit mindre språk enn bokmål, at sentrale institusjonar i kjerneområdet støttar opp om og er aktive brukarar av dette språket.

Sentrale statsorgan skal kvart år rapportere om bruken av bokmål og nynorsk til Språkrådet. HVL leverte i 2019 rapport for 2018, og fekk gode tilbakemeldingar frå Språkrådet. I tabellen under går det fram kva HVL rapporterte inn, samt tilbakemeldingane frå Språkrådet. Sjå også vedlegg 1.

| Tekstkategori | Resultat | Merknad |
|----------------------------------|---|--|
| Nettsider | 37,1 % nynorsk på www.hvl.no | Statsorganet oppfyller krava i mållova |
| Korte tekstar, 1–10 sider | 82,1 % nynorsk | Statsorganet oppfyller truleg krava i mållova over tid |
| Tekstar over 10 sider | 66,4 % nynorsk | Statsorganet oppfyller krava i mållova |
| Periodiske publikasjonar | | Statsorganet har ikkje rapportert om tilfang |
| Sosiale medium | 71,3 % nynorsk | Statsorganet oppfyller krava i mållova |
| Skjema | 26 av 37 skjema finst i begge målformene | Statsorganet oppfyller ikkje krava i mållova |

I siste punkt ser vi at sjølv om dei fleste skjema ligg føre finst på begge målformer, har vi framleis ein liten jobb å gjere. Språkpolitisk utval følger dette opp med aktuelle einingar. I tillegg jobbar HVL, ved Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, med eit eige skjemaprosjekt, der ein håpar å få digitalisert mange av dei faste skjema for studentar.

Parallellspråk

Både forskning og undervisning ved HVL skal vere på høgt internasjonalt nivå. Talet på utanlandske tilsette og studentar ved høgskulen er aukande. Fleire tilsette enn før har internasjonal bakgrunn og kompetanse. Mange forskingsprosjekt er baserte på internasjonalt samarbeid. Kunnskapsdepartementet krev at vi skal auke den internasjonale mobiliteten både blant tilsette og studentar.

Internasjonalisering og norskkurs

Høgare utdanning og forskning vert i aukande grad internasjonalisert. Det gjeld også ved Høgskulen på Vestlandet. Internasjonaliseringa fører til auka rekruttering av undervisnings- og forskarpersonale som ikkje kan norsk. I HVL sine Språkpolitiske retningslinjer står det at «fast tilsette ikkje-skandinavar i faglege eller administrative stillingar skal kunne utføre arbeidet sitt på norsk etter nokre år i stillingane. Kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er

mellom kriteria som skal leggjast til grunn for tilsetjing i faste stillingar. HVL skal tilby gratis kurs i norsk, både nynorsk og bokmål.»

Dei ulike fakulteta, einingane og campusane ved HVL har til no hatt ulike praksisar på dette området, og det har difor vore behov for å finne ei løysing som kan fungere på tvers av organisasjonen og dei ulike campusane ved høgskulen. Språkpolitisk utval har i samarbeid med HR-avdelinga gjennomført ei kartlegging av norskkurstilbodet ved dei ulike campusane.

I dag brukar nyttar HVL hovudsakleg dei kommunale tilboda ved dei ulike nærregionane for norskopplæring. Det er stor skilnad på dei ulike kommunale tilboda ved dei ulike nærregionane, til dømes når det nivå og tilrettelegging og, tidspunkt for undervisning.

Språkpolitisk utval meiner det er viktig med strategiske forventningar til organisasjonen når det gjeld opplæring i norsk for tilsette med internasjonal bakgrunn, og at ressursbruken blir avklart på individ- og institusjonsnivå. Det kan til dømes vere behov for å sjå nærare på om tilsette med behov for norskopplæring kan gjennomføre opplæring i arbeidstida. Arbeidet held fram i 2020.

Formalisering av språkkrav

Det er behov for å formalisere dei språklege retningslinjene og krava til norskkunnskapar for internasjonale tilsette ved HVL. Dette kan ta form av konkrete krav og tilpassa kurstilbod for tilsette, og eit system for systematisk oppfølging av at den enkelte medarbeidar oppfyller krava.

På noverande tidspunkt kan leiarar ved HVL som skal tilsette velje mellom følgjande formuleringar i utlysingsteksten:

- Undervisningsspråket er norsk og søkarar må meistre norsk eller eit anna skandinavisk språk.
- Undervisningsspråket er til vanleg norsk, og søkarar som ikkje meistrar norsk eller eit anna skandinavisk språk må forplikte seg til å gjennomføre kurs i norskopplæring innan to år frå tiltreding

Språkpolitisk utval meiner det er viktig å ta stilling til kva konkrete krav ein ønsker å sette for tilsette som ikkje har norsk, eller eit anna skandinavisk språk, som sitt hovudspråk, og korleis

krava skal følgast opp. I denne samanhengen er det likevel viktig å vere klar over at det kan ta fleire år å utvikle eit språkleg nivå som gjer at ein kan fungere optimalt i ein norsk arbeidskvardag. Språkpolitisk utval ønsker å løfte denne saka opp i 2020, og sette ned ei arbeidsgruppe som kan sjå nærare på tilsettingar og språk, der også formalisering av språkkrav vil vere eit naturleg tema.

Kartlegging av parallellspråkbruk ved HVL

Språkpolitisk vedtok i møte 21. januar å sette i gang eit arbeid med å kartlegge parallellspråkbruken (altså den parallelle bruken av engelsk og norsk) ved HVL.

I HVL sine språkpolitiske retningslinjer står parallellspråk sentralt. Også i tildelingsbrevet for 2020 frå Kunnskapsdepartementet, datert 18.12.2019, er «Norsk språk» ein av kategoriane, og her blir det mellom anna understreka at

- universiteta og høgskulane har eit lovpålagt ansvar for norsk som fagspråk, og at
- internasjonaliseringa av forskning og auka bruk av engelsk gjer det naudsynt at institusjonane har ei strategisk tilnærming til problemstillinga

Det er altså behov for ei kartlegging av bruken av norsk og engelsk i høgskulen sine kjerneaktivitetar. Tre aktuelle språkbruksområde å undersøke er

- pensumlitteratur
- Undervisning
- vitskapleg publisering.

Språkpolitisk utval jobbar no med å sette saman ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Biblioteket, Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, Avdeling for utdanningskvalitet og Virksomhetsstyring og internrevisjon, som kan arbeide vidare med kartlegginga. Arbeidet skal etter planen leggast fram for Språkpolitisk utval i september.

Opplæring og kompetanseheving

I dei språkpolitiske retningslinjene blir det understreka at språkopplæring og naudsynte språkkurs av ulike typar for tilsette og studentar, både norske og internasjonale, er eit viktig prioriteringsområde. Dette gjeld skrivekurs (norsk, særleg nynorsk, og engelsk), tilbod om kurs i teiknspråk for tilsette og studentar som har fått døve kollegaer og medstudentar, og syte for at digitale og andre språklege hjelpemiddel er lett tilgjengelege for tilsette og studentar.

Opplæring og kompetanseheving for tilsette blir i dag gjennomført av ulike einingar ved HVL. Språkpolitisk utval meiner det er viktig å sjå nærare på kva eining ved HVL som skal ha ansvar for språkleg opplæring ved HVL framover.

I 2019 blei det gjennomført to kurs i nynorsk/klarspråk for administrativt tilsette ved HVL, med dosent Jan Olav Fretland som kursleiar. Til saman 30 administrativt tilsette deltok på kursa. Desse to kursa blei initiert og gjennomført av Språkpolitisk utval. Kursa blei evaluerte og fekk gode tilbakemeldingar. Det er lagt opp til nye kurs i 2020.

Utdanning og undervisning

Norsk, nynorsk og bokmål, skal vere det sentrale undervisningsspråket ved HVL. På alle nivå blir det venta at studentane skal kunne gjere seg nytte av faglitteratur både på norsk og engelsk. Fagmiljøa skal syte for at språkleg og terminologisk kompetanse vert ein del av læringsutbyttet i studia. Under gir vi to døme på språklege kurs knytt til FLKI.

Dosent ved FLKI, Jan Olav Fretland hadde i 2019, i tillegg til å halde nynorsk kurs for tilsette, også ei inspirasjonsførelesing om språk til alle nye studentar i Sogndal samt ei inspirasjonsførelesing om administrativ språkbruk for administrative tenester ved FLKI.

Norskseksjonen ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) i Bergen har kvar haust og kvar vår kurset Norsk for utanlandske studentar, som er eit begynnarkurs på 5 studiepoeng (emnekode U5NOR13). Kurset har ca. 25 studentar kvart semester.

Språkressursside på intranett

I 2019 blei det oppretta ei språkressursside for tilsette på intranettet Vestibylen:

www.hvl.no/sprak.

Skjermdump frå www.hvl.no/sprak

På desse sidene kan tilsette finne tilgjengelege ordbøker, omsetjing og språkvask og nyttige lenker til kurs og språkressursar. Sida har fått gode tilbakemeldingar, og arbeidet med å utvikle ho vidare held fram i 2020.

Ut i frå handlingsplanen for Språkpolitisk utval for 2019 skulle utvalet «utarbeide enkle skrivereglar». Tiltaket er løyst gjennom språkressurssida på Vestibylen, der også skrivereglar vil vere eit aktuelt tema.

I november hadde Språkpolitisk utval ei sak om «nynorsknorm» ved HVL oppe i møtet, etter at fleire tilsette hadde etterlyst dette. Utvalet vedtok å ikkje gå vidare med saka. I diskusjonen blei det understreka at nynorsk allereie er normert, og at det difor ikkje er nødvendig å ha ei eiga husnorm utover gjeldande rettskriving, og at valfridomen er eit kjenneteikn ved det norske språket.

Samarbeid internt og eksternt

Utvallsleiar Liv Reidun Grimstvedt heldt innlegg og deltok i debatt om Språkpolitiske retningslinjer på eit frukostmøte i regi av Språkrådet på Litteraturhuset i Bergen i november 2019. I forkant av frukostmøtet var Språkrådet også på eit formøte på Kronstad, der HVL sine Språkpolitiske retningslinjer, og korleis dei skal settast i verk, sto på programmet. Grimstvedt heldt også innlegg på Språkrådet sitt seminar i Stavanger i februar 2019, om norsk og engelsk i akademia.



Språkebatt i Bergen. F.v: Hilde Sandvik (debattleder), Dag Rune Olsen (rektor, UIB), Liv Reidun Grimstvedt (prorektor HVL), Øystein Thøgersen (rektor NHH) og Åse Wetås (direktor, Språkrådet). Foto: Amanda Schei

Språkrådets direktør: «Vestlandet er et fyrtårn for norsk språk i akademia»

Norsk fagspråk. Språkdirektør Åse Wetås opplever at norsk språk prioriteres særlig høyt av universiteter og høyskoler på Vestlandet.

Skjermdump frå Khrono-sak 21.11.2019 i høve Språkrådet sitt seminar om språkpolitiske retningslinjer ved UH-institusjonar på Vestlandet.

Regjeringa sette i 2019 i gang arbeidet med ei heilskapleg språklov og ei ny stortingsmelding om språk. Lovforslaget og meldinga skal etter planen leggst fram for Stortinget i løpet av 2020. Hausten 2019 leverte Språkpolitisk utval eit høyringssvar til den nye språklova, på vegner av HVL. Nokre av hovudpunkta frå høyringssvaret vårt var:

- Vi støttar forslaget om å lovfeste eit krav om minimum 25 prosent nynorsk i allment tilgjengelege dokument frå sentrale statsorgan, fordi vi meiner dette er ei viktig styrking av nynorsk.
- Av same grunn er vi også positive til det nye forslaget om å utvide verkeområdet for dagens mållov, slik at fylkeskommunane får dei same pliktene til å bruke nynorsk og bokmål som regionale statsorgan.
- Vi er også positive til å gi Språkrådet ein sterkare posisjon enn dei har i dag, mellom anna når det gjeld oppfølging av mållova.

Hausten 2019 oppnemnte HVL to nye medlemmer til Nynorsk kultursentrum, som er ei stifting som arbeider for å gjere nynorsk kunnskap og kunst synleg i heile landet. Dette var førsteamanuensis ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap, Gunnar Yttri (Sogndal) og førsteamanuensis ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap, Eli Natvik (Førde), som vara.

Ut i frå handlingsplanen, skulle det i 2019 også settast i gang eit arbeid med å etablere ein språkpris for HVL. Språkpolitisk utval har jobba med grunnlag og verkeområde for ein komande språkpris, og har utarbeida og vedtatt statuttar for denne. Arbeidet held fram i 2020.

Vegen vidare – prioriteringar for 2020

Språkpolitisk utval har i 2019 vore i ein oppstartsfase, men er no i ferd med finne si form og rolle i høgskulen. Utvalet har blitt meir synleg og har stadig oftare blitt brukt som ein ressurs i organisasjonen, av enkeltpersonar, einingar og leiarar. HVL har som kjent ambisiøse retningslinjer for språkpolitikk, og Språkpolitisk utval meiner det er viktig at desse blir følgde opp, og at den språklege og språkpolitiske utviklinga ved høgskulen jamt blir sett på dagsordenen ved institusjonen.

Det aukande talet på utanlandske tilsette og stadig fleire internasjonale prosjekt og samarbeid gjer at arbeidet med parallellspråk ved HVL vil vere blant dei viktigaste oppgåvene for Språkpolitisk utval framover. Mellom anna vil dette innebære at utvalet bidrar i arbeid med å kartlegge språksituasjonen ved HVL, vidare arbeid med opplæring i norsk for utanlandske tilsette og formaliseringa av språkkrav og retningslinjer for tilsette og studentar. Planlegging og gjennomføring av språkpolitiske tiltak skal skje i samarbeid med andre einingar og organ ved høgskulen. I praksis vil dette seie at Språkpolitisk utval jobbar i linja, gjennom fakulteta og dei ulike einingane ved HVL.